

Utsiktsrydding på Friluftsplassen og på Nedre Fet.

17.02.2018



Almås sitt areale ved brua vert rydda. Det er eit krevjande arbeid i den bratte skråningen.

Med bakgrunn i søknad er det løyvd kr. 56.000,- til Utsiktsrydding i tilknytning til landbruket sitt kulturlandskap. Arealet er Friluftsplassen og på elvekanten frå elvosen til om lag 100 meter ovom brua. Mykje av arbeidet er gjort. Noko står att, men vert gjort no på vinteren. Partane i dette prosjektet hadde nyleg møte om bruken av tildelte midlar og la ein plan for vidare arbeid.

Uskedal utvikling er søkjar og prosjekteigar. Gunneigarane, Elveeigarlaget; Filuftslaget og Bondelaget er samarbeidspartar. Målet med tiltaket er at ryddinga skal medverka til betre utsikt og få fram verdier i kulturlandskapet. Ryddinga skal også leggja til rette for friluftsliv og lettare tilgang for fiske i elva.

Etter vedtak på møte vert løyvde midlar brukt slik:

- Uskedal Friluftslag vert tilført midlar for det arbeidet som er gjort i Skårhaug så langt
- Almås sitt areal i den bratte skråningen ved brua vert rydda. Dette er ein vanskeleg tilgjengeleg areale der ein treng sikkerhet maskinelt utstyr
- Det vert kjøpt inn plantevernmidlar for sprøyting og smurning på trestubben. dette for å hindra attgroing på kort tid

Det vert arbeidd vidare med rydding langs elva opp til og ovom Djupehølen. Det har vorte påpeika at ryddinga på elvekanten må gjerast slik at det står att noko vegetasjon som skugge for fisken som går opp i elva. Uskedal utvikling er merksam på dette kravet og vil ta omsyn til det.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Geir Enes gjer jobben med rydding ovom brua. Greiner og ris vert vinsja over elva før bortkøyning.